



# Miljøløftet

## NOTAT

### Vedlegg nr. 7

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet  
Fra: Vestland fylkeskommune  
Kopi: Prioriteringsrådet

Saksbehandler/telefon:  
Beate Mæsel / [Fyll inn]  
Vår dato: 17.03.2026

## Entreprenør konkurs -prosjekt i Miljøløftet er råka

### Oppsummering:

To fylkeskommunale tiltak i Miljøløftet er råka av konkursen for Bertelsen & Garpestad AS. Dette gjeld Kleppevegen ved Myrane på Askøy og Hatvikvegen i Bjørnafjorden. Konkursen vil få konsekvens for tidspunkt for endeleg ferdigstilling av Hatvikvegen og truleg for økonomien i tiltaka. Fylkeskommunen vil komme attende til Miljøløftet når det ligg føre meir informasjon og oversyn over konsekvensar knytt til konkursen.

### Omfang og vegen vidare

Bertelsen & Garpestad AS meldte oppbod 3. mars. Det er utfordrande når entreprenørar går konkurs, både for entreprenøren, deira tilsette og underentreprenørar, men og for framdrifta og økonomien i våre tiltak. Samarbeidet med Bertelsen og Garpestad AS har vore godt i prosjekta våre. For Miljøløftet råkar konkursen Kleppevegen ved Myrane på Askøy og Hatvikvegen i Bjørnafjorden.

Tiltaket på Askøy er ferdig bygd og opna for trafikk. Sluttoppgjeret med entreprenør har som tidlegare rapportert teke ei stund, men det var oppnådd semje rett føre konkursen vart opna. Sluttoppgjeret er ikkje endeleg handtert.

Prosjektet i Bjørnafjorden er i anleggsfase med opphavelg ferdigstilling hausten 2026. Anleggsområdet er sikra, slik at det skal vere er trygt og vi kan unngå ulukker. Konkursbuet har gitt beskjed om at dei ikkje vil overta kontrakten. I første omgang går vi inn med ein entreprenør på rammeavtale for å ferdigstille element i kontrakten og klargjere for eit betre grensesnitt for å kunne lyse ut kontrakten for endeleg ferdigstilling. Størrelsen på resterande arbeid er for stor til at vi kan nytte rammeavtalen til dette. Pr. dd. har vi ikkje dato for ny oppstart etter ny sluttdato.

No jobbar fylkeskommunen med å få fullstendig oversikt over kva som er status i vegprosjekta, og kva som står att. Avklaringar med bustyrar vil virke inn på vidare handtering for å ferdigstille dei fylkeskommunale tiltaka som er råka av konkursen. Pågåande prosessar omfattar mellom anna å:

- Sikre byggeplassane
- Heve kontrakt formelt
- Dokumentere status
- Aktivere garantiar
- Stanse betalingar
- Melde krav i buet
- Avklare anskaffingsstrategi
- Innhente tilbud på attståande arbeid
- Oppdatere framdrifts- og kostnadsprognose

Diverre vert det eit mellombels opphald i arbeidet på fleire tiltak i fylket no. Målet er å komme i gang att så snart som råd, for å ferdigstille arbeidet.

Fylkeskommunen vil komme attende til Miljøløftet når det ligg føre meir informasjon og oversyn over konsekvensar knytt til konkursen, gjennom ordinær rapportering, eventuelt i eige sak.